

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 07.05.2012
Møtestad: Radisson Blu Plaza Hotel, Oslo

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Sveinung Stensland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Tom Guldhav	Medlem

Forfall frå styret

Deltakarar frå administrasjonen

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjondirektør Bente Aae
Torunn Nilsen referent

Sakliste**Ope del**

-
- | | |
|----------|--|
| B 040/12 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| B 041/12 | Godkjenning av protokoll frå styremøte 7. mars 2012 |
| B 042/12 | Godkjenning av protokoll frå telefonstyremøte 23. mars 2012 |
| O 043/12 | Administrerande direktør si orientering 2012 |
| B 044/12 | Retningslinjer og erklæring om leiarlønningar i føretaksgruppa Helse Vest |
| B 045/12 | Årsmelding og årsrekneskap 2011 |
| B 046/12 | Årsmelding 2011 frå Pasient- og brukaromboda i Helse Vest |
| B 047/12 | Rapportering frå verksemda per mars 2012 |
| B 048/12 | Etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest |
| B 049/12 | Endring av vedtekten i helseføretaka - erklæring om tilsettingsforhold for leiarar |
| B 050/12 | Årsoppsummering 2011 for Nasjonal IKT |
| B 051/12 | Oppfølging av årleg melding frå helseføretaka |
| B 052/12 | Fagleg rapportering 2011 |
| 053/12 | Eventuelt |

Lukka del**Sak 054/12 B blei behandla i lukka møte jf. Offl. § 23**

- | | |
|----------|--------------------------------|
| B 054/12 | Innstilling til val av revisor |
|----------|--------------------------------|

B 040/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden**Forfall:**

Det var ingen forfall til møtet.

Eventuelt:

Det blei ikkje meldt saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 041/12 Godkjenning av protokoll frå styremøte 7. mars 2012**Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 07.03.2012

B 042/12 Godkjenning av protokoll frå telefonstyremøte 23. mars 2012

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 23.03.2012.

O 043/12 Administrerande direktør si orientering 2012

- 1 Rapportering av tilsynssaker**
Adminstrasjonen viste til utsendt notat
- 2 AD si orientering pkt 2 Oppfølging av tilsyn frå Statens Strålevern i Helse Bergen HF**
Adminstrasjonen viste til utsendt notat
- 3 Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden**
Adminstrasjonen viste til utsendt notat
- 4 Oversikt over aktuelle høyringar**
Adminstrasjonen viste til utsendt notat

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

B 044/12 Retningslinjer og erklæring om leiarlønningar i føretaksgruppa Helse Vest

Oppsummering:

Styret i Helse Vest har gjennom føretaksmøte den 31. januar 2012 blitt pålagt å utarbeide ei erklæring om tilsettingsvilkåra til leiarane. Styret skal utarbeide ei slik erklæring årleg, og ta den med som note til årsrekneskapen. Erklæringa skal innehalde retningslinjene for fastsetting av lønn og andre godtgjeringar til leiarane.

Styret ønskja å komme tilbake til korleis styreverv for RHF-tilsette skal kompenserast etter møtet i lønsrådet i juni. Styret ønskte til denne saka ein oversikt over korleis dette blir praktisert i alle RHF.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok dei føreslätte retningslinjene for lønn og andre godtgjeringar for leiarar i føretaksgruppa Helse Vest.
2. Styret vedtok den føreslätte erklæringa om leiarlønn i føretaksgruppa Helse Vest.

Møte mellom styret i Helse Vest RHF og revisor jf. revisorlova § 2-3

Møtet blei gjennomført som lukka møte mellom revisor og styret i samsvar med revisorlova § 2-3. Administrerande direktør/administrasjonen var ikkje til stades i møtet.

B 045/12 Årsmelding og årsrekneskap

Oppsummering:

Revisor Nicolai Homme deltok i møtet og presenterte oppsummeringa frå revisjonen.

Resultat i føretaka (heile millionar kroner):

Helse Bergen HF	154
Helse Stavanger HF	5
Helse Fonna HF	- 76
Helse Førde HF	- 50
Sjukehusapoteka Vest HF	14
Helse Vest IKT AS	5
Helse Vest RHF	407
Sum budsjettavvik	459
Resultat i tilknytta selskap	-4
Rekneskapsresultat i 2011	455

Resultatet frå føretaksgruppa er 251 millionar kroner betre enn resultatkravet som styret har stilt krav om.

Styret ønskja å få tilsendt presentasjonen av resultata for 2011 samt trykksak som er under arbeid om resultat 2011, så snart dette er klart.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret legg vedlagte årsrekneskap med kontantstraumanalyse og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning.
2. Styret vedtok styrets årsmelding med dei endringane som kom fram i møtet.

B 046/12 Årsmelding 2011 frå Pasient- og brukaromboda i Helse Vest

Oppsummering:

Pasient og brukaromboda: Rune J. Skjælaaen (Hordaland), Gro Snortheimsmoen Bergfjord (Rogaland) og Ove Mjåtveit (Sogn og Fjordane) deltok i møtet og presenterte årsmeldinga og arbeidet til pasient- og brukaromboda.

Pasientomboda får gjennom sitt arbeid kunnskap om helsetenestene som er viktig i samband med forbeting og utvikling av kvaliteten på tenestene.

I årsmeldinga kommenterer pasientomboda dei oftast nemnde problemstillingane og formidlar synspunkt på område som klart kan forbetra.

I dei fleste tilfella er det nok at pasientomboda gir informasjon og rettleiling. Dette er informasjon som helsepersonell i utgangspunktet har ansvar for å gi slik at pasienten kan ivareta sine rettar som pasient.

Gjennom dette arbeidet får omboda også kunnskap om tenestene som er viktig i samband med forbetring og utvikling av kvaliteten på tenestene.

Mandatet til pasient- og brukaromboda er å bistå enkeltmenneske om opplever å ikkje ha blitt møtt på ein god måte av helsevesenet, samt å ta opp ting som gjeld system og organiseringa av tenestene/pasientforløpet.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok sak til orientering.
2. Styret i Helse Vest RHF ba om at styra for helseføretaka og blir orienterte om årsmeldinga frå Pasient- og brukaromboda.

B 047/12 Rapportering frå verksemda per mars 2012

Oppsummering:

Ventetidsutviklinga per mars 2012 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 71 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 77 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren og innan psykisk helsevern er i hovudsak høgare enn til same tid i 2011. Unntaket er dagbehandling og poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern for barn og unge, kor aktiviteten er litt lågare.

Talet på fristbrot har halde seg stabilt dei fire seinaste månadene, medan talet på langtidsventande i sum har gått litt opp den seinaste månaden. Talet på korridorpasientar per dag innan somatikk og psykisk helsevern har og halde seg stabilt, og ein kan ennå ikkje sjå nokon effekt av samhandlingsreforma på talet korridorpasientar. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar ligg rett over 77 % både innan somatikk og psykisk helsevern.

Det økonomiske resultatet i mars er kr 60,2 mill. som er kr 11 mill. over budsjett. Akkumulert resultat er kr 169,8 mill. som er kr 31,8 mill. betre enn budsjettet. Helse Bergen har nedjustert si prognose med kr 30 mill. som følgje av auka risiko for lågare inntekter enn budsjettet knytt til utskrivingsklare pasientar. Dei andre føretaka opprettheld ei prognose som er lik budsjettet resultatkrav. Helse Førde har etablert ein tiltakspakke på til saman kr 30,6 mill. Etter tre månader har denne hatt ein effekt på kr 3,2 mill. som er om lag 21 % betre enn planen. Helse Fonna har tiltak retta mot bemanningsområdet men det er så langt ikkje talfesta nokon effekt frå denne. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskreditramme vurdert til å vere tilfredsstillande.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i mars på 77 prosent, opp frå 76 prosent i februar.

Styret ba om å få ein oversikt over status i alle pågående investeringsprosjekt til neste styremøte.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. mars 2012 til etterretning.

B 048/12 Etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest

Oppsummering:

Føretaksgruppa Helse Vest har i løpet av hausten 2011 og vinteren 2012 utarbeida etiske retningslinjer for heile føretaksgruppa. Dei etiske retningslinjene for føretaksgruppa Helse

Vest kjem i tillegg til gjeldande lovgiving, og er overordna interne og eksterne regler innan mellom anna forsking og innkjøp.

Som vedlegg til dei etiske retningslinjene er det ei omfattande samling av dokument som kvar for seg gir ei nærmare etisk tilnærming til eit avgrensa område.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok dei føreslåtte etiske retningslinjene for føretaksgruppa Helse Vest, dagsett 25.04.2012, som blir gjeldande frå 7. mai 2012.
2. Dei etiske retningslinjene blir sendte til helseføretaka for vidare styrebehandling og implementering der.
3. Dei etiske retningslinjene blir offentleggjorde på heimesida til det regionale helseføretaket.
4. Styret ba om at dei etiske retningslinjene blir lagt fram til behandling i styret årleg.

B 049/12 Endring av vedtekten i helseføretaka - erklæring om tilsettingsforhold for leiarar

Oppsummering:

Føretaksmøtet i Helse Vest RHF har gjort vedtak om ny § 16a *Erklæring om ledernes ansettelsesvilkår*. Det blir gjort framlegg om å gi tilsvarande føresegn i vedtekten til helseføretaka.

Vedtak (samrøystes):

1. Vedtekten i helseføretaka blir endra i tråd med saksføreleget.
2. Endringane i vedtekten skjer ved at Helse Vest RHF som eigar, gjer vedtak i føretaksmøta i helseføretaka.

O 050/12 Årsoppsummering 2011 for Nasjonal IKT

Oppsummering:

Nasjonal IKT har oversendt Nasjonal IKT si årsoppsummering for 2011 til dei regionale helseføretaka til orientering. Formålet med dokumentet er å gi oppdragsgivarar, samarbeidspartar og interessenter eit overblikk over arbeidet i regi av Nasjonal IKT.

Vedtak (samrøystes):

Nasjonal IKT si årsoppsummering for 2011 blei tatt til orientering.

B 051/12 Oppfølging av årleg melding frå helseføretaka

Oppsummering:

Helse Vest har gjort ein gjennomgang av dei årlege meldingane frå dei fire sjukehusføretaka med tanke på kva som bør bli omtala ved behandling av årleg melding i føretaksmøta. Hovudintrykket er at helseføretaka har oppnådd mykje i 2011 og at resultata/målloppnåinga er god. Samstundes er fleire av meldingane prega av korte tilbakemeldingar der det kan vere vanskeleg for Helse Vest RHF å sjå kva tiltak som er sett i verk og ut i frå dette vurdere om målet er nådd.

Helse Vest vil i 2012 gjere eit arbeid med omsyn til å presisere ovanfor helseføretaka kva forventningar som blir lagt til utarbeiding av årleg melding for 2012. Det blir i saka også peikt på nokre punkt det kan vere aktuelt å omtale i føretaksmøtet ved behandling av årleg melding for 2011.

Vedtak (samrøystes):

Styret slutta seg til at det i føretaksmøta med helseføretaka i mai blir gitt tilbakemelding på årleg melding for 2011 i tråd med tilrådinga i saka.

B 052/12 Fagleg rapportering 2011

Oppsummering:

Fagleg rapportering for 2011 omhandler forskingsprosjekt og verksemda ved nasjonale og regionale tenester i regionen. Rapporten har vore handsama i Samarbeidsorganet. I 2011 blei det ytt 137,4 millionar til forsking i Helse Vest og ca. 87 millionar til regionale og nasjonale kompetansetenester. Rapporten inngår som ein del av rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet/Helsedirektoratet og er utgangspunkt for vurdering av eventuelle behov for endringar og oppfølging. Den blir og nytt til forskingsformidling og synleggjering av verksemda for bidragsytarane.

Det er auke både i talet på søknadar og kvaliteten på søknadar.

Styret kjem tilbake til vidare satsing på forsking i budsjettbehandlinga.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapporten "Faglig rapportering 2011" om forskingsprosjekt, nasjonale tenester og regionale kompetansesenter til etterretning.

053/12 Eventuelt

Revidering av inntektsmodellen

Styret blei orienterte om status i arbeidet med å revidere inntektsmodellen.

Inntektsfordelingsutvalet er no samde om ein felles innstilling, og rapporten blir sendt på høyring i føretaka. Styrebehandling i RHF-styret blir 22. juni.

Føretaksmøte i Helse Vest RHF

Det blir føretaksmøte i Helse Vest RHF 7. juni kl. 1400, i Oslo.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 300312 – Rapportering frå Helse Vest RHF per februar 2012
- Brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 140412 – Tilsyn med barne- og ungdomspsykiatri - Helse Vest RHF
- Brev frå Helse Vest RHF til Helsetilsynet i Hordaland, dagsett 150312 – Tilsyn med barne- og ungdomspsykiatri - Helse Vest RHF

- Brev fra Statens helsetilsyn til landets HF og RHF, dagsett 090312 – Oppsummering av landsomfattende tilsyn i 2011 med spesialisthelsetjenesten - behandling av eldre pasienter med hjerneslag.
- Brev fra Arbeidstilsynet til Helse Vest RHF, dagsett 120412 – Tilsynsrapport og varsel om pålegg.
- Kopi av brev fra Fylkesmannen i Rogaland til Stavanger Universitetssjukehus, dagsett 020412 – Stavanger Universitetssjukehus - oppsummering av meldinger etter spesialisthelsetjenestelovens § 3-3 mottatt i 2011.
- Kopi av brev til HOD fra Rune Heggedal, dagsett 270312 - Samarbeid på tvers av helseregionane ved akutthjelp.
- Kopi av e-post fra Bengt Georen til Nordfjordrådet, dagsett 250312 - Samarbeid Volda - Nordfjord, skrivelse fra Helsefaggruppen til Nordfjordrådet 26 mars 2012.
- E-post fra Helse Vest RHF til Gulen kommune, dagsett 190312 – svar på e-post - Endring av føretaksgrenser.
- Brev fra Helse Vest RHF til GE Healthcare Technologies Norway AS, dagsett 300312 – Ad uautorisert lagring av taushetsbelagte opplysninger.
- Kopi av brev fra Helse Bergen HF til Datatilsynet, dagsett 170412 – Varsel om vedtak - håndtering av avvik - Uautorisert uthenting av helseopplysninger gjennom leverandørs fjerntilgang.
- Kopi av brev fra Helse Stavanger HF til Datatilsynet, dagsett 180412 – Håndtering av avvik - Uautorisert uthenting av helseopplysninger gjennom leverandørs fjerntilgang.
- Kopi av brev fra HDS til Datatilsynet, dagsett 130412 – Svar på varsel om vedtak - Uautorisert uthenting av helseopplysninger gjennom leverandørenes fjerntilgang.
- Kopi av brev fra Datatilsynet til Helse Bergen HF, dagsett 260312 – Varsel om vedtak - håndtering av avvik - Uautorisert uthenting av helseopplysninger gjennom leverandørs fjerntilgang.
- Kopi av brev fra Datatilsynet til Stavanger Universitetssjukehus HF, dagsett 260312 – Varsel om vedtak - håndtering av avvik - Uautorisert uthenting av helseopplysninger gjennom leverandørs fjerntilgang.
- Kopi av brev fra Datatilsynet til HDS, dagsett 260312 – Varsel om vedtak - håndtering av avvik - Uautorisert uthenting av helseopplysninger gjennom leverandørs fjerntilgang.
- Kopi av brev fra Datatilsynet til Helse Fonna HF, dagsett 260312 – Varsel om vedtak - håndtering av avvik - Uautorisert uthenting av helseopplysninger gjennom leverandørs fjerntilgang.
- Brev fra GE Healthcare Technologies Norway AS, motteke 180412, Varsel om vedtak - beskrivelse av behandlingsaktivitet. U.Off.

Lukka del

U.Off jf. Offl. § 23

B 054/12 Innstilling til val av revisor

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF tilrår at føretaksmøtet vel Ernst & Young AS som føretaksgruppa sin eksterne revisor for rekneskapsåra 2012-2014 med opsjon for rekneskapsåret 2015.

Ref. Torunn Nilsen
07.05. 2012

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Ohene Aboagye

Gerd Dvergsdal

Torill Selsvold Nyborg

Lise Karin Strømme

Reidun Nyborg Johansen

Kjartan Longva

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Gunnar Berge

Sveinung Stensland

Olin Johanne Henden

Tom Guldhav

Aslaug Husa